Avgjerda til klagenemnda for godkjenning av utenlandsk utdanning og yrkesgodkjenning av 11. september 2026

Sak: 2026/0429

Klagar: A

Saka gjeld: Klage over vedtak om avslag på utanlandsk fag- og yrkesopplæring

Saka gjeld klage over vedtak fatta av Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) den 13. oktober 2025. I vedtaket avslo HK-dir søknaden til klagar om godkjenning av utanlandsk fag- og yrkesopplæring etter opplæringslova § 23-3. HK-dir vurderte at den polske kvalifikasjonen «monter slusarskiego wyposazenia okretowego» ikkje kunne godkjennast som sidestilt med norsk fagbrev som industrimekanikar eller platearbeidar. Klagar var ueinig i vedtaket og meinte at kvalifikasjonen skulle godkjennast som fagbrev som platearbeidar. Klagenemnda for godkjenning av utanlandsk utdanning og yrkesgodkjenning oppheva vedtaket til HK-dir og sende saka tilbake til HK-dir for ny behandling.

Klagenemnda sine medlemmer: Henrik W. Bärnholdt, Kristin Seehusen, Miriam Thea Josefin Svenaeus Bakken Wallenborg, Øistein Frank Sundli og Taija-Riitta Blencke.

1 Bakgrunnen for saka

(1) A (heretter klagar) søkte 20. august 2025 Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (heretter HK-dir) om godkjenning av utanlandsk fag- og yrkesopplæring. I søknaden opplyste klagar at han har oppnådd kvalifikasjonen «monter slusarskiego wyposazenia okretowego» i Polen i 1994. Klagar hadde lagt ved vitnemål for fullført yrkesskule til søknaden.

(2) Klagar sende tilleggsdokumentasjon i saka 3. og 4. oktober 2025, kor han opplyste om forhold frå ei tidlegare sak hos NOKUT frå 2021. I saka hadde NOKUT klassifisert kvalifikasjonen til klagar som industrimekanikar, sjølv om han søkte om godkjenning som platearbeidar.

(3) HK-dir fatta 13. oktober 2025 vedtak om avslag på søknaden. Avslaget vart grunngjeve med at kvalifikasjonen har likskapar med det norske faget industrimekanikar, men manglar opplæring i fleire faglege element. Kvalifikasjonen har også likskapar med faget platearbeidar, men HK-dir påpeikte at opplæringa ikkje samsvarer med kjerneoppgåvene i faget. Følgeleg vurderte HK-dir at kvalifikasjonen til klagar ikkje kunne godkjennast som sidestilt med norsk fagbrev som industrimekanikar eller platearbeidar.

(4) Klagar klaga på vedtaket 19. oktober 2025. Klagar var ueinig i avslaget, ettersom han meinte at utdanninga inneheld alle oppgåvene som er naudsynt for å verte platearbeidar.

(5) HK-dir vurderte klaga, men fann ikkje at det var grunnlag for å endre eller oppheve vedtaket, jf. lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker av 10. februar 1967 (forvaltningsloven) § 33. Klaga og dokumenta i saka vart dermed sendt til Klagenemnda for godkjenning av utenlandsk utdanning og yrkesgodkjenning saman med innstillinga til HK-dir den 26. februar 2026.

(6) Klagar har i brev datert 2. mars 2026 fått informasjon om saksgangen for klagenemnda og frist til å komme med kommentarar til innstillinga til HK-dir, eller komme med andre merknader til saka. Klagar vart ettersendt sakkunnig rapport for faga industrimekanikar og platearbeidar, og læreplan for den polske kvalifikasjonen «monter slusarskiego wyposazenia okretowego» i brev datert 22. mai 2026. Klagar fekk derfor utsett frist til å komme med merknader i saka. Klagar har ikkje sendt inn merknader i saka.

(7) Klagenemnda for godkjenning av utenlandsk utdanning og yrkesgodkjenning heldt nemndsmøte i saka 11. september 2026.

2 Grunngjevinga til HK-dir i hovudtrekk

(8) Vurderinga til HK-dir i saka kan i det vesentlege oppsummerast slik:

(9) HK-dir meiner at kvalifikasjonen «monter slusarskiego wyposazenia okretowego» ikkje kan godkjennast som sidestilt med dei norske faga industrimekanikar eller platearbeidar. Vilkåret om fagleg innhald er ikkje oppfylt, og klagar kan derfor ikkje få kvalifikasjonen godkjent som sidestilt med eit norsk fag- eller sveinebrev, jf. opplæringslova § 23-3. HK-dir viser til at dei andre vilkåra om nivå og omfang er oppfylte.

(10) HK-dir viser til at kvalifikasjonen «monter slusarskiego wyposazenia okretowego» manglar opplæring i fleire faglege element i det norske faget industrimekanikar. Desse elementa er:

- «Planlegge arbeidsoppdrag og utføre vedlikehold, feilsøke, reparere og funksjonsteste mekaniske komponenter og redegjøre for alternative løsninger
- Demontere, reparere, montere og funksjonsteste mekaniske komponenter i bedriftens produksjon
- Sette sammen, modifisere og teste mekaniske komponenter i tråd med spesifikasjoner
- Montere og igangsette automatiserte pneumatiske og hydrauliske styresystemer
- Koble fra og til det elektriske systemet ved reparasjons- og vedlikeholdsarbeid i tråd med gjeldende regelverk
- Lage pakninger og bruke tetningsmaterialer
- Velge oljer og smøre-festemateriell»

(11) Når det gjeld det norske lærefaget platearbeidar, viser HK-dir til at faget omfattar arbeid med stålplater og produksjon av større konstruksjonar til bygg, skip og plattformer. HK-dir meiner at kvalifikasjonen «monter slusarskiego wyposazenia okretowego» har opplæring i bruk av handverktøy og maskiner til klipping og skjering, samt manuelt arbeid med av materialar i skrustikke. Dette gjeld i stor grad arbeid med blikk og enklare metallarbeid, som ikkje samsvarer med kjerneoppgåvene i lærefaget platearbeidar. HK-dir vurderte derfor at arbeidet ikkje var sidestilt med eit norsk fagbrev som platearbeidar.

(12) I innstillinga datert 6. januar 2026 har HK-dir også avvist påstandar om at avslaget er diskriminerande etter Grunnlova § 98 andre ledd, som slår fast at ingen må utsetjast for «usakleg eller mishøveleg forskjellsbehandling». HK-dir viser til at den avgjerande grunnen til avslaget var at kvalifikasjonen ikkje oppfyller kravet om at opplæringa må innehalde «mange av dei vesentlege elementa i det aktuelle faget» etter opplæringslova § 23-3. HK-dir viser også til at vurderingane av fagleg innhald blei gjennomført av uavhengige sakkunnige komitear utnemnt av faglege råd. Avslaget er derfor fatta på grunnlag av vilkår fastsett i lov, og er derfor ikkje usakleg eller urimeleg.

3 Argumentasjonen til klagar i hovudtrekk

(13) Argumentasjonen til klagar kan i det vesentlege oppsummerast slik:

(14) Klagar er ueinig i avslaget, ettersom han meiner at utdanninga inneheld alle oppgåvene som er naudsynte for å bli platearbeidar. Klagar viser til at han har hatt undervisning på skulen og arbeidde i praksis under utdanninga, og viser til konkret arbeidserfaring i etterkant av utdanninga. Klagar meiner også at vitnemålet viser at han har alle dei typiske faga som er naudsynte for å arbeide på verft. Klagar viser til at han er utdanna innanfor bygging av båtar, og ikkje på sjølve verkstaden som HK-dir har lagt til grunn.

(15) Klagar meiner også at skulen og arbeidet hans vert diskriminert av HK-dir når dei ikkje godkjenner kvalifikasjonen som sidestilt med det norske fagbrevet som platearbeidar.

4 Vurderinga til klagenemnda

4.1 Kompetansen til klagenemnda i saka

(16) Saka gjeld klage 19. oktober 2025 over vedtak frå HK-dir 13. oktober 2025 om avslag på søknad om godkjenning av utanlandsk fag- og yrkesopplæring. Klaga er rettidig, jf. forvaltningslova § 29 første ledd.

(17) Etter forskrift 2. juli 2025 nr. 1462 om enkelte klagenemnder på Kunnskapsdepartementets område § 6 skal klagenemnda «behandle klager over enkeltvedtak om godkjenning av utenlandsk fag- og yrkesopplæring etter opplæringsloven § 23-3». Klagenemnda har i utgangspunktet kompetanse til å «prøve alle sider av saken», jf. forvaltningslova § 34 andre ledd første punktum. Dette omfattar dei faktiske og rettslege vurderingane til HK-dir, mellom anna bevisvurderinga og skjønnsutøvinga. Sjølv om klagenemnda har full kompetanse til å prøve alle sider av saka, vil det likevel ikkje innebere ei plikt, jf. Innst. O nr. 4 (1994-1995) s. 9.

(18) Klagenemnda vil gjere ei sjølvstendig vurdering av saka, både av det faktiske grunnlaget og dei rettslege vurderingane som HK-dir har lagt til grunn for avslaget, jf. forvaltningslova § 34 andre ledd.

4.2 Utgangspunktet for vurderinga

(19) I den aktuelle saka har HK-dir vurdert at den polske kvalifikasjonen «monter slusarskiego wyposazenia okretowego» ikkje kan godkjennast som sidestilt med norsk fag- og yrkesopplæring, ettersom kvalifikasjonen manglar vesentlege element frå dei norske lærefaga industrimekanikar og platearbeidar. Klagar er ueinig i avslaget, ettersom han meiner at utdanninga inneheld alle oppgåvene som trengst for å verte platearbeidar.

(20) Klagenemnda vil ta stilling til om vurderingane til HK-dir er i samsvar med gjeldande regelverk.

4.3 HK-dir har ikkje kompetanse til å avgrense godkjenningsordninga mot enkelte land og kvalifikasjonar

(21) Klagenemnda har i avgjerd 2026/0118 kome til at HK-dir ikkje har kompetanse til å avgrense godkjenningsordninga mot enkelte land og kvalifikasjonar. Det rettslege grunnlaget for godkjenning av utanlandsk fag- og yrkesopplæring er opplæringslova § 23-3. Føresegna lyder:

> «Den som har utanlandsk fag- eller yrkesopplæring, kan søke departementet om å få ei godkjenning av opplæringa. Departementet skal godkjenne opplæring som har same nivå og omfang som den norske vidaregåande opplæringa og inneheld mange av dei vesentlege elementa i det aktuelle faget. Opplæring som er godkjent, er sidestilt med norsk fag- eller sveinebrev eller vitnemål.
>
> Departementet kan gi forskrift om vilkår for godkjenning, saksbehandling, klage og om oppnemning av klagenemnd.»

(22) Etter føresegna har «departementet» kompetanse til å godkjenne søknadar om utanlandsk fag- og yrkesopplæring. I praksis har departementet delegert denne kompetansen til HK-dir frå 1. januar 2023. Departementet har også kompetanse til å fastsetje nærare vilkår for godkjenning og saksbehandling i forskrift, men denne kompetansen er så langt ikkje nytta.

(23) Opplæringslova § 23-3 første ledd første punktum gir uttrykk for ei frivillig, søknadsbasert godkjenningsordning ved bruk av ordlyden «kan». Etter føresegna første ledd andre punktum «skal» departementet likevel godkjenne utanlandsk fag- og yrkesopplæring når søknad er sendt inn og dei nærare fastsette vilkåra er oppfylte. Klagenemnda forstår det slik at ordet «skal» tilseier ei plikt for departementet til å vurdere (realitetsbehandle) alle søknadar. Dersom vilkåra for godkjenning er oppfylte – altså at opplæringa har «same nivå og omfang som den norske vidaregåande opplæringa og inneheld mange av dei vesentlege elementa i det aktuelle faget» – vil det liggje føre ei plikt til godkjenning.

(24) HK-dir har utarbeidd ei oversikt over kva land og kvalifikasjonar som per i dag er omfatta av godkjenningsordninga. Direktoratet har vidare opplyst at ordninga gradvis blir utvida til å omfatte nye land og kvalifikasjonar. Etter det HK-dir har opplyst, omfattar ordninga no 29 kvalifikasjonar frå ni land: Danmark, Estland, Finland, Island, Latvia, Litauen, Polen, Sverige og Tyskland. Dersom ein søknad gjeld eit land eller ein kvalifikasjon som ikkje er omfatta av ordninga, blir søknaden avvist utan realitetsbehandling.

(25) Som nemnt ovanfor, er klagenemnda av den oppfatning at opplæringslova § 23-3 gir ei plikt til å godkjenne ein kvalifikasjon dersom vilkåra for godkjenning er oppfylte. I lys av dette kan ikkje HK-dir sin noverande praksis med å avvise søknadar som gjeld land eller kvalifikasjonar som ikkje står på deira liste, seiast å vere i samsvar med ordlyden i lova. Nemnda kan heller ikkje sjå at det ligg føre andre rettskjelder av monaleg vekt som tilseier at ordlyden skal forståast på ein annan måte. Då det heller ikkje er gitt vidare føringar for HK-dir si saksbehandling i forskrift, må nemnda og HK-dir halde seg strengt til ordlyden i lova.

(26) På denne bakgrunnen er det klagenemnda sitt syn at opplæringslova § 23-3 ikkje gir HK-dir høve til å avgrense godkjenningsordninga til enkelte land og kvalifikasjonar.

4.4 Praksisen til HK-dir medfører saksbehandlingsfeil og gjer vedtaket ugyldig

(27) I lys av at HK-dir berre vurderer lærefag som er omfatta av deira godkjenningsordning, oppstår det spørsmål om saka var tilstrekkeleg opplyst før HK-dir fatta vedtak.

(28) Etter forvaltningslova § 17 første ledd første punktum har forvaltningsorganet plikt til å greie ut saka før dei fattar vedtak. Føresegna lyder:

> «Forvaltningsorganet skal påse at saken er så godt opplyst som mulig før vedtak treffes. […]»

(29) Ordlyden «så godt opplyst som mulig» tilseier at forvaltninga skal strekkje seg langt for å opplyse saka, og at utgreiingsplikta derfor er omfattande. I denne samanhengen har Høgsterett presisert at kravet til grundigheit må byggje på «ei avveging mellom omsynet til å oppnå eit forsvarleg resultat og ein tenleg ressursbruk», jf. HR-2017-2376-A avsnitt 34. Vidare må utgreiingsplikta sjåast i lys av dei konkrete spørsmåla som forvaltinga skal ta stilling til, og må tilpassast til dei konkrete omstenda i den aktuelle saka, jf. avsnitt 35 og 36.

(30) I den aktuelle saka har HK-dir berre undersøkt om kvalifikasjonen kan godkjennast opp mot eit lærefag som er ein del av deira godkjenningsordning. Dette trass i at kvalifikasjonen til klagar inneheld «kompetanse som man kan finne innen flere norske lærefag innen teknologi- og industrifag. Deriblant CNC-operatørfaget, sveiserfaget, mekanikerfag og platearbeiderfaget. Opplæringen mangler derfor tilstrekkelig spesialisering i et gitt norsk lærefag for å kunne sidestilles med et av de norske lærefagene som i dag finnes innen teknologi- og industrifag i dagens godkjenningsordning […]», jf. e-postkorrespondanse mellom HK-dir og klagar 6. november 2025. Ettersom HK-dir sin praksis med avgrensa kvalifikasjonar i godkjenningsordninga ikkje er i samsvar med lova, tilseier dette at HK-dir også skulle ha undersøkt om kvalifikasjonen kunne godkjennast som andre norske lærefag. Når det verken er gjennomført ei reell vurdering av om dei tilgrensande faga kan vere aktuelle, eller er innhenta sakkunnige vurderingar for desse faga, tilseier dette at saka ikkje har vore «så godt opplyst som mogleg» før enkeltvedtaket vart fatta. Klagenemnda meiner derfor at HK-dir ikkje har oppfylt utgreiingsplikta si etter forvaltningslova § 17 første ledd første punktum, noko som utgjer ein saksbehandlingsfeil.

(31) Verknaden av feil ved saksbehandlinga er regulert i forvaltningslova § 41. Føresegna lyder:

> «Er reglene om behandlingsmåten i denne lov eller forskrifter gitt i medhold av loven ikke overholdt ved behandlingen av en sak som gjelder enkeltvedtak, er vedtaket likevel gyldig når det er grunn til å regne med at feilen ikke kan ha virket bestemmende på vedtakets innhold.»

(32) Avgjerande etter denne føresegna er om feilen kan ha verka «bestemmende» på innhaldet i vedtaket. Det er med andre ord ikkje eit krav at det kan påvisast at feilen faktisk har påverka innhaldet i vedtaket. I denne samanhengen har Høgsterett presisert at gyldigheitsvurderinga «beror på de konkrete forhold i saken, herunder hvilke feil som er begått og vedtakets karakter. Der saksbehandlingsfeilen har ledet til mangelfullt eller

uriktig avgjørelsesgrunnlag på et punkt av betydning for vedtaket, eller feilen på annen måte innebærer tilsidesettelse av grunnleggende fordringer til forsvarlig behandling, skal det gjennomgående nokså lite til [for at vedtaket blir ugyldig]», jf. HR-2009-1093-A avsnitt 72 og HR-2017-2247-A avsnitt 95.

(33) HK-dir har ikkje vurdert om kvalifikasjonen til klagar kan godkjennast som sidestilt med fag utanfor godkjenningsordninga, sjølv om kvalifikasjonen har likskapar med fleire andre lærefag. Etter nemnda sitt syn er dette forhold som klart kan «ha virket bestemmende på vedtakets innhold», jf. forvaltningslova § 41. Vidare kan klagenemnda ikkje sjå at det er motstridande omsyn som tilseier at vedtaket ikkje bør kjennast ugyldig. Nemnda viser til at klagar sjølv ønskjer ei ny vurdering av avslaget, og at avgjerda ikkje vil vere til skade for andre partar.

(34) Klagenemnda er derfor av den oppfatning at enkeltvedtaket til HK-dir er ugyldig i lys av den manglande utgreiinga i saka. Nemnda har etter dette komme til at vedtaket til HK-dir opphevast, og saka sendast tilbake til ny behandling.

4.5 Om kvaliteten på dei sakkunnige rapportane

(35) Sjølv om det er utan betydning for utfallet av saka, vil klagenemnda kommentere kvaliteten på dei sakkunnige rapportane som er brukt av HK-dir. Klagenemnda har i den samanheng kompetanse til å vurdere kvaliteten av dei sakkunnige rapportane, mellom anna om rapporten er klar, grundig og kan etterprøvast. Videre gir den sakkunnige vurderinga berre eit faktisk grunnlag i saka. Dei rettslege vurderingane som følgjer av opplæringslova § 23-3, må gjerast av HK-dir og kan overprøvast av nemnda.

(36) Sjølv om klagenemnda ikkje har grunn til å tvile på den faglege kompetansen til den sakkunnige komiteen, vil nemnda peike på at det er ein svakheit ved rapportane at det ikkje går fram kva bakgrunn, utdanning og erfaring dei enkelte sakkunnige har, og kva som ligg til grunn for oppnemninga. Det er heller ikkje klart for nemnda kva mandat dei sakkunnige har fått frå NOKUT og HK-dir, eller kva innføring og opplæring dei har fått i forkant når det gjeld det rettslege grunnlaget for vurderinga.

(37) Klagenemnda viser til at dei konkrete rapportane for industrimekanikarfaget og platearbeidarfaget er kortfatta, og at dei sakkunnige vurderingane er sparsamt grunngjevne. Etter nemnda sitt syn svekkjer dette moglegheitene til å etterprøve vurderingane. Når det gjeld rapporten om industrimekanikarfaget, meiner nemnda at det er ei svakheit at rapporten omtalar enkelte kompetanseelement som manglande, sjølv om dei er omtalte i omsetjinga av læreplanen. Til dømes er demontering, reparasjon, montering og funksjonstesting av mekaniske komponentar oppførte som manglande i rapporten. I omsetjinga av den polske læreplanen er det derimot vist til demontering av maskiner, vurdering av feil, utskifting av slitne delar og vedlikehald under punktet «Renovering (remont) av maskiner og utstyr». Sjølv om dette ikkje nødvendigvis inneber at kompetansemåla er oppfylte, meiner nemnda at HK-dir ikkje i tilstrekkeleg grad har grunngjeve kvifor opplæringa i desse elementa er vurdert som utilstrekkeleg.

(38) Klagenemnda går deretter over til å vurdere den sakkunnige rapporten for platearbeidarfaget. Etter nemnda sitt syn har fleire av merknadene karakter av generelle vurderingar av utanlandske arbeidstakarar, snarare enn av faglege vurderingar knytte til samanlikninga av læreplanane. Andre merknader synest å rette seg mot kompetansemåla på eit meir overordna nivå og reiser spørsmål om kor realistiske desse er i praktisk opplæring. Det kan vere at den sakkunnige komiteen har forsøkt å belyse slike

problemstillingar, men dette kjem ikkje tydeleg fram av rapporten. Ettersom vurderinga i utgangspunktet skal byggje på ei fagleg samanlikning av læreplanane, meiner klagenemnda at rapporten etterlet tvil om kva konkrete faglege vurderingar som ligg til grunn for konklusjonane.

(39) På denne bakgrunnen meiner klagenemnda at det ligg føre svakheiter ved dei sakkunnige vurderingane som tilseier at dei ikkje bør nyttast som negativ presedens for framtidige søknader som gjeld same utdanning. Nemnda er på denne bakgrunnen òg i tvil om HK-dir har bygd vedtaket på eit korrekt faktisk grunnlag, når konklusjonen er basert på ein avgrensa sakkunnig rapport.

(40) Klagenemnda går likevel ikkje nærare inn på om desse svakheitene ved dei sakkunnige rapportane utgjer ein saksbehandlingsfeil, ettersom vedtaket uansett må opphevast og saka sendast tilbake til HK-dir for ny behandling, jf. punkt 4.4 ovanfor.

4.6 Om påstandar om diskriminering

(41) Avslutningsvis vil klagenemnda kommentere klagar sine påstandar om diskriminering. Klagar meiner at HK-dir diskriminerer hans skule og arbeid ved å ikkje godkjenne kvalifikasjonen som sidestilt med lærefaget platearbeidar. Klagar viser til at dei norske reglane diskriminerer folk utan fagbrev.

(42) Etter Grunnlova § 98 andre ledd må ingen utsetjast for «usakleg eller mishøveleg forskjellsbehandling». Føresegna bygger på eit alminneleg likskapsprinsipp, som inneber at like tilfelle som utgangspunkt skal behandlast likt, med mindre forskjellsbehandlinga kan grunngjevast i relevante og saklege omsyn, jf. bl.a. Prop. 81 L (2016–2017) s. 35. I forvaltningsretten kjem dette til uttrykk som ein rettsleg skranke for forvaltninga si skjønnsutøving gjennom den ulovfesta læra om myndigheitsmisbruk, jf. Prop. 79 L (2024–2025) s. 195-198. Læra inneber mellom anna at forvaltninga ikkje kan legge vekt på utanforliggjande omsyn, utøve usakleg forskjellsbehandling eller treffe avgjerder som er vilkårlege eller grovt urimelege.

(43) I den aktuelle saka var den avgjerande faktoren for avslag at HK-dir vurderte at kvalifikasjonen ikkje oppfyller krav om at opplæringa må innehalde «mange av dei vesentlege elementa i det aktuelle faget» etter opplæringslova § 23-3. Vurderingane av om kravet til fagleg innhald var oppfylt, vart gjennomførte av uavhengige sakkunnige komitear utnemnt av faglege råd. Avslaget er fatta på grunn av vilkår fastsett i lov, og er derfor ikkje usakleg eller urimeleg. Etter nemnda si oppfatning har derfor ikkje direktoratet utøvd forskjellsbehandling i strid med forvaltningsrettslege prinsipp.

(44) Klagenemnda ønskjer også å trekke fram saka si side til Noreg sine plikter etter EØS-avtalen. HK-dir har sjølv uttalt at det ikkje er avklart om den noverande praktiseringa av godkjenningsordninga er i samsvar med EØS-avtalen. Etter klagenemnda si syn verkar det problematisk i lys av Noreg sine EØS-rettslege plikter at HK-dir berre realitetsbehandlar søknadar om godkjenning av fag- eller yrkesopplæring frå særskilde land. Klagenemnda viser til at hovuddelen i EØS-avtalen vart inkorporert som norsk lov i lov 27. november 1992 nr. 109 om gjennomføring i norsk rett av hoveddelen i avtale om Det europeiske økonomiske samarbeidsområde (EØS) m.v (heretter EØS-loven). I denne samanheng er det særleg relevant å sjå til det generelle forbodet mot forskjellsbehandling grunna nasjonalitet i EØS-avtalen artikkel 4, artikkel 28 om fri rørsle for arbeidstakarar og det alminnelege lojalitetsprinsippet i artikkel 3. Som nemnda påpeikte i nemnda si avgjerd 2026/0118, er det ikkje utelukka at praksisen til HK-dir med

å berre realitetsbehandle søknadar som gjeld kvalifikasjonar frå enkelte land, er i strid med EØS-avtalen.

4.7 Om resultatet til nemnda og andre forhold

(45) Klagenemnda har ikkje gjort ein realitetsvurdering av dei materielle sidene ved saka. Nemnda har derfor ikkje tatt stilling til om det konkrete resultatet i saka er riktig, og det er ikkje utelukka at utfallet etter ei ny behandling kan bli det same som i det påklaga vedtaket. Grunnen til at nemnda er tilbakehalden med dette er omsynet til ei forsvarleg toinstansbehandling, som er sentralt for å vareta parten sin rettstryggleik. Ei slik framgangsmåte sikrar at dei materielle spørsmåla først blir grundig behandla av underinstansen før dei eventuelt vart prøvde på nytt.

(46) Klagenemnda viser også til at HK-dir ikkje har gitt klagar innsyn i dei sakkunnige rapportane. Dette er problematisk med omsyn til grunngjevingsplikta til forvaltninga. Formålet med grunngjevingsplikta i forvaltningslova § 25 og kravet til samtidig grunngjeving i forvaltningslova § 24 er mellom anna å setje mottakar i stand til å forstå vedtaket og avgjere om det er grunnlag for å klage. Når HK-dir ikkje har gitt søker slike sentrale opplysningar om bakgrunnen for vurderinga i vedtaket, vurderer nemnda at det føreligger en saksbehandlingsfeil. Klagenemnda v/Klagenemndsekretariatet har retta opp i feilen i klagerunden. Sekretariatet har sendt innstillinga med vedlegg til klagar, og han har fått moglegheit til å inngi kommentarar i klagerunden. Kontradiksjonen til klagar er difor vareteke i klagerunden. Trass i saksbehandlingsfeilen, vil vedtaket likevel vere gyldig etter forvaltningslova § 41. Nemnda oppfordrar HK-dir til å grunngje sine vurderingar tilstrekkeleg allereie i vedtaket, i samsvar med forvaltningslova § 24.

5 Vedtak

(47) Klagenemnda for godkjenning av utenlandsk utdanning og yrkesgodkjenning fattar etter dette følgande vedtak:

HK-dir sitt vedtak av 13. oktober 2025 vart oppheva, og saka blir send tilbake til HK-dir for ny behandling.

Vedtaket er endeleg og kan ikkje påklagast, jf. forvaltningslova § 28 tredje ledd.

Vedtaket er einstemmig.

11. september 2026

Henrik W. Bärnholdt	Kristin Seehusen	Miriam Thea Josefin Svenaeus Bakken Wallenborg	Øistein Frank Sundli	Taija-Riitta Blencke
Nemndsleiar	Nestleiar	Nemndsmedlem	Nemndsmedlem	Nemndsmedlem

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur